

---

**Fra:** Hans Kristian Dolmen  
**Sendt:** torsdag 14. mars 2019 09.36  
**Til:** 'pkhaegl@gmail.com'  
**Emne:** Planinitiativ gnr 40 bnr 116 - Hodneland  
**Vedlegg:** Planinitiativ - Informasjon om rammer for planarbeid 150119.pdf; Planinitiativ - Naudsynt informasjon for førebuande møte 150119.docx

Hei

Syner til dykkar førespurnad om planarbeid motteke 12.3.2019.

Lindås kommune prøvar i større grad og få gjeve tydlege meldingar attende tidligare i oppstarten av planarbeid slik at eventuelt vidare arbeid vert meir føreseieleg.

For å forsøke å gje deg ei naudsynt avklaring i tidleg fase ber me om at det vert gjort ei kortfatta skildring om kva dykkar ide/initiativ går ut på (kor, eigedom, føremål mm) og sett gjerne opp spørsmål dykk måtta ha. Grunnlaget for meir fokus i tidleg fase av planarbeid kjem pga lovendring i 2017. Vedlagt er informasjon av kva som kan krevest, men dykk tar tak i det som gjeld for det dykk har tankar om. Bruk vedlagte MAL for å gje ei skildring. Send attende til underteikna og så kan me, viss ønskjeleg, ta ein prat over bordet.

Eit førebuande møte er ikkje forpliktande for nokon, men meir ei sondering av mogleheter. Viss dykk i det vidare vel å gå vidare med dykkar planinitiativ vert det ei meir formell ramme. Når det gjeld møtetidspunkt har me dessverre ikkje moglegheit til å møte dykk i løpet av neste veke. Men me har erfaring med at når ein starter å skildre planinitiativ på papiret vil ting modnast eller verte klarare om ein vil og ein bør notere seg spørsmål som kjem opp. Det er til nytte både for dykk og oss og slik sett er det kanskje meir tenleg med møtetidspunkt i mai?

Kartutsnitt

Ved søk i [www.nhkart.no](http://www.nhkart.no) finn eg at eigedom gnr 40 bnr 116 er som i kartutsnitt nedan for.



Hans Kristian Dolmen | Rådgjevar

E-post: [hans.kristian.dolmen@lindas.kommune.no](mailto:hans.kristian.dolmen@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 56 37 54 75

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



LINDÅS KOMMUNE